

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 63/2003

Møtedato: 3.12.03

Arkiv nr: S 536

S 536, SOLEIKRO – INNGJERDA BEITE / SEL

Erik Eriksrud er i ferd med å kjøpe eigedomen Haugene 12/6, 13/6 og 11/10. Bruket har støl ved Soleikro.

I brev datert 14.11.03 søker Eriksrud om å få vist ut ca 25 da nordvest for eksisterande stølsutmåling. Arealet skal ryddast for vegestasjon og brukast til beite for sau.

Selet er i dårleg stand og ligg nær vegen. Søkjaren ynskjer derfor å føre opp nytt sel på beitet som han søker om å få vist ut.

Etter stølsforskriftene § 6 blir søknad om tilleggsjord/inngjerda beite avgjort av Statskog etter uttale frå fjellstyret. Fjellstyret skal leggja søknaden ut til offentleg ettersyn.

Bygging på stølen i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

På stølen er det frå før to fjøs (54 og 26 m²) og sel (39m²). Statskog og fjellstyret er samde i den praksis at nye sel skal plasserast i samanheng med eksisterande tun. Alternativt kan eksisterande hus flyttast til nytt stølstun.

Statskog skriv i e-post datert 2.12.03 følgjande:

Stølsforskriftens § 14 sier at seterhus kan bygges om eller utvides etter § 13 når en skal ta opp igjen stølsdrifta. Dette er vel greitt når det skjer innen eksisterende stølsutvisning selv om det er bare for sauedrift.

Skal det imidlertid bygges opp ny støl et annet sted, mener vel Statskog at det ikke bør vises ut nye støler til sauedrift, noe fjellstyret tidligere har sagt seg uenig i. Det må vel da først avklares om slik flytting av støl kan godkjennes til sauedrift. Etter §6 i siste stølsforskriftene jeg har skrevet ut fra Lovdata 18.06.03 ser det ut for at Statskog også skal vise ut stølsvollen. Det skal vel da vises ut et mindre areal til støl og resten av det omsøkte areal som beite/tilleggsjord der gamle stølsutvisningen eventuelt kan inngå. Jeg forutsetter da at gamle bebyggelsen må fjernes/flyttes. Tidligere har vel fjellstyret hevdet at de etter gammel tradisjon skal vise ut tomt til stølsbebyggelsen og hele stølsvollen.

Sidan søkjaren ikkje har overteke eigedomen ennå, kan ikkje søknaden sluttbehandlast.

VEDTAK:

Fjellstyret meiner at stølshusa må førast opp i tunløysing og at den beste løysinga då er å føre opp nytt sel nedanfor eksisterande sel. Teikningar på huset med ny plassering må oversendast før saka kan behandlast. Om søkjaren ynskjer det, kan fjellstyret sjå på saka under befaring den 14.6.04.

Fjellstyret ser positivt på søknaden om beite inntil stølen.

Søknaden kan fyrst bli teke opp til realitetsbehandling når eigedomsoverføringa er i orden.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 4.12.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune
Erik Eriksrud, 2846 Bøverbru